

Forskrift [d. mmmm 202X nr. XXX] om gebyr etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Ålesund kommunestyre d. mmmm 202X med heimel i [lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) § 33-1](#), [lov 16. juni 2017 nr. 65 om eigarseksjonar \(eierseksjonsloven\) § 15](#) og [lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering \(matrikkellova\) § 32 første ledd](#).

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1-1. Føremålet og verkeområde til forskrifta

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for sakshandsaming kommunen gjer etter lover og forskrifter for følgjande gebyrtenester

- a) kapittel 2: Private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#), herunder private forslag til områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg etter [energiloven](#), samt endring av reguleringsplan
- b) kapittel 3: Bygge-, dele- og dispensasjonssaker etter [plan- og bygningsloven](#)
- c) kapittel 4: Seksjoneringssaker etter [eierseksjonsloven](#)
- d) kapittel 5: Oppmålingsforretning og sakshandsaming etter [matrikkellova](#).

§ 1-2. Føresegner om betaling

§ 1-2-1. Betalingsplikt og gebyrsatsar

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr etter bestemmingane som kjem fram her. Gebyrsatsane kjem fram av kommunestyrets budsjettvedtak.

Annonseringsutgifter, tinglysningsgebyr og eventuell dokumentavgift fakturerast i saker kor kommunen forskotterer dette.

§ 1-2-2. Tidspunkt for fakturering, tidspunkt for utrekning av gebyra og fakturamottakar

For private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#) gjeld følgande reglar for tidspunkt for fakturering og utrekning av gebyr

- a) gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet fakturerast som hovudregel etter at oppstartsmøte er fullført
- b) kommunen kan fakturere for planinitiativ før oppstartsmøtet er fullført
- c) dersom saka avsluttast før oppstartsmøtet, kan kommunen fakturere for planinitiativ når saka avsluttast
- d) gebyr for andre møte enn oppstartsmøte fakturerast løypande etter fullført møte, dersom anna ikkje er avtalt
- e) gebyr for planprogram fakturerast når planprogrammet er fastsett etter [plan- og bygningsloven § 12-9](#)
- f) resterande gebyr vert fakturert samstundes med kommunen si avgjerd om at forslaget skal fremjast, sendast på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn
- g) gebyr vert rekna etter dei satsane som gjeld på tidspunkt for innsendt planinitiativ, oppstartsmøte, andre møte og når komplett innsendt planforslag er motteke av kommunen
- h) gebyrkravet vert retta til den som har underskreve planforslaget som forslagsstillar, dersom anna ikkje er avtala i oppstartsfasen

For bygge- og delesak gjeld følgande reglar

- a) gebyr vert fakturert når kommunen har handsama ferdig, avvist eller avslutta saka
- b) gebyr vert rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad er motteken av kommunen

- c) gebyrkrav vert retta til den som har underskreve søknaden som tiltakshavar, dersom anna ikkje er avtalt
- d) det skal betalast eit særskild gebyr per utskrive matrikkelbrev, jf. [matrikkelforskriften § 9](#), jf. [§ 16](#) fjerde ledd.

For eigarseksjonering står reglar i § 4-1

For oppmåling etter matrikkellova står reglar i § 5-1

§ 1-2-3. Tidspunkt for betaling

Gebyr, utgiftsdekningar mv. etter denne forskrifta forfell til betaling etter påkrav i tråd med faktura. Ved manglande betaling tilkjem purregebyr og renter, jf. [forsinkelsesrenteloven](#). Dersom faktura ikkje vert betalt etter purring, vert kravet sendt til innfordring, jf. [inkassoforskriften](#).

Gebyret må betalast og forfell sjølv om vedtaket i saka er påklaga.

§ 1-3. Reduksjon av gebyr

Dersom eit gebyr klart overstig sjølvkost i ei enkelt sak, skal kommunen på eige initiativ redusere gebyret.

§ 1-4. Klage

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som følgjer direkte av denne forskrifta, jf. [forvaltningsloven](#).

§ 1-5. Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta vert det nytta følgjande forkortingar og definisjonar

- a) pbl: [plan- og bygningsloven](#)
- b) SAK: [forskrift om byggesak \(byggesaksforskriften\)](#)
- c) TEK: [forskrift om tekniske krav til byggverk \(byggteknisk forskrift\)](#)
- d) grunnggebyr: gebyr som skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen. Grunnggebyret skal dekkje blant anna mottak av søknad, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering. Gebyret er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket
- e) sakshandsamingsgebyr: gebyr som skal dekkje oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik
- f) registreringsgebyr: gebyr som dekkjer kostnadane som kommunen har knytt til registrering i matrikkelen
- g) rettleiingsmøte: innleiande møte mellom kommunen og mogleg forslagsstillar der kommunen gjev avklarande informasjon og formidlar kunnskap om eit bestemt område, og presenterer si planfaglege haldning til framtidig arealutvikling av dette området
- h) planinitiativ: eige dokument som forslagsstillar må sende til kommunen før oppstartsmøte og skal i naudsynt grad omtale premissane for det vidare planarbeidet, jf. [forskrift om handsaming av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#)
- i) oppstartsmøte: lovpålagt møte mellom forslagsstillar og kommune. Møtet tek for seg alle tema som er naudsynt for å klargjere føresetnadene for det vidare planarbeidet og utforminga av det endelege planforslaget
- j) arbeidsmøte: møte mellom kommunen og forslagsstillar i dialogfasa etter oppstartsmøtet for å konkretisere og avklare spesifikke plantema, vidare planprosess, utgreiingsbehov og dokumentasjonskrav før innsending av planforslag. I tillegg kan møte bli halde i samband med kontroll av innsendt planforslag, og etter høyring av planforslag for å avklare innkomne merknader og moglege endringar av planforslaget
- k) konsekvensutgreiing: særskild vurdering og beskriving av verknadane plana har for miljø og samfunn, jf. [forskrift om konsekvensutredningar](#)
- l) førehandskonferanse: møte for avklaring av rammar og innhald i tiltaket jf. [plan- og bygningsloven § 21-1](#) før byggesøknad vert sendt inn til kommunen

- m) søknadspliktige tiltak: tiltak som det må søkjast om etter [plan- og bygningsloven § 20-1](#), [§ 20-2](#), [§ 20-3](#) og [§ 20-4](#)
- n) tilsyn: verkemiddel for å kontrollere at byggetiltak gjennomførast i samsvar med bestemmingane gjeve i eller med heimel i [plan- og bygningsloven](#) og som bidreg til betre gjennomføring av byggeprosessar, avdekkjer ulovlegheit og verker førebyggjande
- o) arealføremål: arealføremåla går fram av [plan- og bygningsloven § 12-5](#) og [kart- og planforskriften, vedlegg I, A](#)
- p) bebygd areal (BYA): summen av bebygd areal for alle bygningar, bygningsdelar og bygningskonstruksjonar over bakken, opent overbygd areal og naudsynt areal for biloppstillingsplassar på tomta, som det kjem fram av målereglane i [byggteknisk forskrift kapittel 5](#)
- q) bueining: brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskild frå andre einingar, jf. [byggjesaksforskriften § 2-2](#)
- r) bruksareal (BRA): bruksareal slik det går fram av målereglane i [byggteknisk forskrift kapittel 5](#)
- s) brukseining: bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bueining, garasje, annekst/uthus, kontoreining, verkstad og lager
- t) bygningstype: standardisert kategorisering av den enkelte bygning etter *NS-3457-3 Bygningstypar* kor bygningstypar frå 111 til 199 tilhøyrar bygningshovudgruppe bustad og bygningstypar frå 211 til 999 er alt anna enn bustad
- u) tilleggsdel: tillegg til hovuddel, til dømes bod, garasje, parkeringsplass eller uteareal
- v) matrikkeleining: grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrunn
- w) matrikkel: nasjonalt eigedomsregister kor kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr), tidlegare kalt GAB-registeret (Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret).

Kapittel 2. Private planforslag

Kapitelet omhandlar gebyr for sakshandsaming av private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#), her under private forslag til områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg etter [energiloen](#), samt endring av reguleringsplan. I § 2-7 er det presisert kva for planforslag og arealføremal det ikkje blir fakturert gebyr for.

Samla gebyr består av gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet og for handsaming av innsendt planforslag. Dersom planforslaget har mangelfulle plandokument, kan kommunen fakturere tilleggsgebyr.

§ 2-1. Gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet

§ 2-1-1. Gebyr for planinitiativ

Gebyr for gjennomgang av planinitiativ inkluderer eitt initiativ. Dersom innsendt planinitiativ inneheld feil eller manglar ved første gongs innsending og må sendast inn fleire gonger, fakturerast det gebyr per innsending.

Planinitiativ	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gjennomgang av planinitiativ	Per planinitiativ	Vnr. Y	Kr x
Planinitiativ som sendast inn fleire gonger	Per påfølgande planinitiativ	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-2. Gebyr for oppstartsmøte og andre møte i oppstartsfasen

Møte i oppstartsfasen	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Oppstartsmøte	Per oppstartsmøte	Vnr. Y	Kr x
Rettleiingsmøte/ Andre møte / Arbeidsmøte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-3. Forhold til overordna planar i kommunen

Dersom planinitiativet er i strid med kommuneplanen skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Forhold til overordna planar	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Planinitiativ i strid med kommuneplan	Per planinitiativ	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-4. Gebyr for fastsetting av planprogram

Planprogram, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Fastsetting av planprogram	Per planprogram	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-5. Tilleggsgebyr for politisk prøving av planinitiativ

Politisk prøving av planinitiativ	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Dersom forslagsstillar krev spørsmål om vesentlege ueinigheter om det vidare planarbeidet førelagt kommunestyret etter pbl § 12-8 første ledd	Per sak	Vnr. Y	Kr x
Dersom forslagsstillar krev at avgjersla om stans av planinitiativ skal leggjast fram for kommunestyret for handsaming etter pbl § 12-8 andre ledd	Per planinitiativ	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-6. Mangelfulle plandokument

Gebyra gjeld i dei tilfella kor kommunen har meirarbeid ved retting av kartgrunnlag og/eller plandokument.

Mangelfulle plandokument	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Tilleggsgebyr ved utarbeiding av skriftleg tilbakemelding om manglar i plandokumenta	Per skriftleg tilbakemelding	Vnr. Y	Kr x
Tillegg for retting av mangelfulle plandokument til førstegongshandsaming	Per plandokument	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2. Gebyr for handsaming av private planforslag

Alle innsendte planforslag utløyser grunngebyr. Tilleggsgebyr utløysast dersom planforslaget møte krava for dei enkelte tilleggsgebyra.

§ 2-2-1. Grunngebyr for planforslag

Grunngebyr	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Grunngebyr for planforslag	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-2. Tilleggsgebyr for arbeidsmøte undervegs i planprosessen

Arbeidsmøte	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Arbeidsmøte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-3. Tilleggsgebyr for planar med konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Planar med inntil 5 tema	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x
Planar med meir enn 5 tema	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-4. Tilleggsgebyr for arealføremål og omsynssonar i planforslaget

Tilleggsgebyr utløysast dersom planforslaget inneheld over 4 arealføremål og/eller 3 omsynssonar. Arealføremål og omsynssonar er definert i [kart- og planforskriftens vedlegg I](#).

Arealføremål og omsynssonar	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Over 4 arealføremål	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x
Over 3 omsynssonar	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-5. Tilleggsgebyr for utbyggingsarealet til bebyggelsen

Bebyggelsen sitt areal	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Planforslag der areal for bebyggelse er over 5.000m ² BRA	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-6. Tilleggsgebyr for grunnarealet til plana

Plana sitt grunnareal	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Planforslag der plana sitt grunnareal er over 10.000m ²	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-7. Tilleggsgebyr for fleire tomter for bebyggelse

Tomter for bebyggelse	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Frå og med 10 tomter	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-8. Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå

Gebyret ileggast planforslag med regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken, jf. [kart- og planforskriften § 9](#) tredje ledd.

Tilleggsgebyr for vertikalnivå	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå	Per vertikalnivå utover eitt	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-9. Tilleggsgebyr for planforslag i strid med overordna planar

Forhold til overordna planar	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Planforslag i strid med kommuneplan	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-3. Gebyr for utfylling, endring og oppheving av plan

Utfylling, endring og oppheving av plan	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Endringar som handsamast som ein ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd	Per planforslag	Vnr. Y	Fullt gebyr
Endringar i reguleringsplan, oppheving av, eller utfylling innafor hovudtrekka i reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev politisk handsaming	Per søknad	Vnr. Y	Kr x
Endringar i reguleringsplan, oppheving av, eller utfylling innafor hovudtrekka i reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev administrativ handsaming	Per søknad	Vnr. Y	Kr x
Tilleggsgebyr for møte i sak om endring mv. av reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd	Per møte	Vnr. Y	Kr x

§ 2-4. Gebyr ved avslutning av planarbeidet

Ved trekk av planinitiativ/forslag eller manglande oppfølging frå forslagsstillar skal det betalast ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har komme i sakshandsaminga.

Avslutning av planprosess	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Dersom saka trekkast før oppstartsvarel eller planmynde avgjerd at initiativet skal stoppast	Per planinitiativ	Vnr. Y	Gebyr etter § 2-1-1.
Etter fullført oppstartsmøte, men før innsending av forslag	Per planoppstart	Vnr. Y	Gebyr etter § 2-1.
Avslutning av planarbeidet etter at planforslaget er motteke av kommunen	Per planforslag	Vnr. Y	50 % av gebyr etter § 2-2.*
Gebyr ved avslag etter pbl § 12-11	Per planforslag	Vnr. Y	Fullt gebyr
Avslutning av arbeid med planendring etter § 2-3. før saka er sendt på høyring	Per søknad	Vnr. Y	50 % av gebyr etter § 2-3.*

*Gebyr for møte fakturerast i sin heilheit.

§ 2-5. Gebyr for oppstartsmøte ved manglande oppfølging frå forslagsstillar

Med mindre anna er avtalt, kan kommunen krevje nytt oppstartsmøtegebyr i følgjande tilfelle:

Gebyr for oppstartsmøte ved manglande oppfølging	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Der planoppstart ikkje er kunngjort innan 12 månadar etter første oppstartsmøte	Per nytt oppstartsmøte	Vnr. Y	§ 2-1-2.
Der komplett planforslag ikkje er motteke innan 24 månadar etter første oppstartsmøte	Per nytt oppstartsmøte	Vnr. Y	§ 2-1-2.

§ 2-6. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [plan- og bygningsloven](#) som ikkje fell inn under andre paragrafar i dette kapitelet, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Timepris	Berekeningseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr per time for plansaker	Per time	Vnr. Y	Kr x

§ 2-7. Gebyrfritak

§ 2-7-1. Arealføremål som ikkje inngår i berekning av gebyr

Arealføremåla offentleg samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur ([plan- og bygningsloven § 12-5](#) nr. 2), offentleg grønstruktur ([plan- og bygningsloven § 12-5](#) nr. 3), LNF ([plan- og bygningsloven § 12-5](#) nr. 5) og natur-/friluftsområde i sjø og vassdrag ([plan- og bygningsloven § 12-5](#) nr. 6) inngår ikkje i utrekninga av gebyr.

§ 2-7-2. Offentlege planforslag

Kommunen reknar ikkje gebyr for å behandle planforslag frå offentlege forslagsstillarar når plana skal ivareta offentlege interesser eller funksjonar og tiltaket skal finansierast med støtte frå stat eller kommune, eller med lån som har statleg eller kommunal garanti.

§ 2-7-3. Unntak gebyrfritak – Ulovleg statsstøtte

Offentlege forslagsstillarar, herunder kommunale føretak, som fremmar planforslag knytt til eigedomsutvikling av reine eigedoms- og grunneigarinteresser (kommersielle interesser), er likestilt med private forslagsstillarar og skal betale gebyr.

§ 2-7-4. Unntak gebyrfritak – Offentlege forslagsstillarar med kommersielle interesser

Der deler av plana frå offentlege forslagsstillarar, herunder kommunale føretak, er knytt til eigedomsutvikling mv. (kommersielle interesser), skal det betalast gebyr for denne delen utrekna etter reglane i § 2-2.

Kapittel 3. Bygge-, dele- og dispensasjonssaker

Kapitelet omhandlar gebyr for sakshandsaming av bygge-, dele- og dispensasjonssaker etter [plan- og bygningsloven](#).

For alle søknadspliktige tiltak skal det betalast gebyr. Samla gebyr består av grunngebyr, sakshandsamingsgebyr, registreringsgebyr og eventuelle tilleggsgebyr. Storleiken på gebyret er det same for løyve som for avslag.

Gebyra gjeld for både eitt-trinns søknadar og rammesøknadar. I begge tilfella er ferdigattest inkludert i gebyret, dersom det ikkje er meir enn fem år sidan byggeløyve første gong er gitt.

Normalt skal 20 prosent av gebyret dekkje tilsynsverksemda til kommunen.

§ 3-1. Grunngebyr

Kommunen fakturerer grunngebyr i alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna.

Grunngebyr	Berekeningseining	Artikkel	Gebyr
Søknadar innsendt via søknadsportal	Per søknad	Vnr. Y	Kr x
Søknadar innsendt på anna vis	Per søknad	Vnr. Y	Kr x

§ 3-2. Registreringsgebyr

For søknads- og meldepliktige tiltak etter [plan- og bygningsloven](#) skal det betalast eit gebyr som skal dekkje dei kostnadane kommunen har knytt til registrering av tiltaket i matrikkelen. Arbeidet i matrikkelen aukar proporsjonalt med talet på brukseiningar og blir rekna per brukseining. Gebyret gjeld også for meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige.

Registreringsgebyr	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Søknadspliktige tiltak	Per brukseining	Vnr. Y	Kr x
Meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige	Per tiltak	Vnr. Y	Kr x

§ 3-3. Tilleggsgebyr for mangelfull søknad

Dersom innsendt søknad er mangelfull eller feilaktig, blir det rekna eit tilleggsgebyr per mangelbrev.

Mangelbrev	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Mangelbrev	Per mangelbrev	Vnr. Y	Kr x

§ 3-4. Førehandskonferanse og andre møte

Førehandskonferanse og andre møte	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Førehandskonferanse	Per møte	Vnr. Y	Kr x
Andre møte	Per time	Vnr. Y	Kr x

§ 3-5. Søknadspliktige tiltak som krev ansvarleg føretak – pbl § 20-3

§ 3-5-1. Bustad, fritidsbustad og andre bygg, jf. § 20-1 a og b

For bygningar som er kombinasjonsbygg (både bustadføre mål og anna enn bustadføre mål), blir gebyr berekna for begge føremål.

For hovudombygging etter [plan- og bygningsloven § 20-1](#) n skal det betalast gebyr etter § 3-5-1-1. eller § 3-5-1-5.

§ 3-5-1-1. Oppføring av bustadbygg

Oppføring av bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Ingen, éin eller to bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x
Tre til fire bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x
Fem til ti bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x
Elleve til tju bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x
Over tju bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-1-2. Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg

Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg	Per tiltak	Vnr. Y	Kr x

§ 3-5-1-3. Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg

Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg	Per tiltak	Vnr. Y	Kr x

§ 3-5-1-4. Seterhus, rorbu, koie, garasje, uthus, anneks, naust, båthus, bustadbrakke og liknande

Tiltak etter § 20-1 a og b (bygningstype 171-199)	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Seterhus, rorbu, koie, garasje, uthus, anneks, naust, båthus, bustadbrakke og liknande	Per tiltak	Vnr. Y	Kr x

§ 3-5-1-5. Andre bygningar enn bustad

Andre bygningar enn bustad	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Fabrikk-/industribygg ol. (bygningstype: 211-219)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. (bygningstype: 221-229; 323)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Lager- og parkeringsbygg ol. (bygningstype: 231-239; 431-439)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Landbruksbygg (bygningstype: 241-249)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Kontor- og forretningsbygg mv. (bygningstype: 311-322; 329-429; 441-449; 731-739)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Bygg for overnatting mv. (bygningstype: 511-529)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Bygg for servering mv. (bygningstype: 531-539)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Undervisnings-, museums-, kyrkjebygg ol. (bygningstype: 611-649; 671-679)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Idrettsbygg ol. (bygningstype: 651-659)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Kulturbygg mv. (bygningstype: 661-669)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Sjukehus og sjukeheim (bygningstype: 719-729)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Fengselsbygg og beredskapsbygg (bygningstype 819-829; 890)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Monument og offentlig toalett ol. (bygningstype: 830-840)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Ukjent bygningstype (bygningstype: 999)	Per time	Vnr. Y	Kr x
Tilbygg, påbygg og underbygg til anna enn bustad (bygningstype: 211-999)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Vesentleg endring eller reparasjon til anna enn bustad (bygningstype: 211-999)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-1-6. Andre tiltak enn bygningar (konstruksjonar og anlegg)

Andre tiltak enn bygningar (konstruksjonar og anlegg)	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Rør-, leidningsanlegg mv.	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Avløpsanlegg, olje-/feittutskiljar jf. forurensningsforskriften kapittel 12, 13, 15 og 15A	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Svømmebasseng, dam/brønn og liknande	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Brygge, molo, kai o.l.	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Andre typar konstruksjon og anlegg	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-1-7. Fasadeendring

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-1-8. Bruksendring, vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Bruksendring av bustad frå tilleggsdel til hovuddel, eller omvendt	Per brukseining	Vnr. Y	kr x
Bruksendring av bustad til anna enn bustad	Per brukseining	Vnr. Y	kr x
Bruksendring av anna enn bustad til bustad	Per brukseining	Vnr. Y	kr x
Andre bruksendringar	Per brukseining	Vnr. Y	kr x
Vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak	Per brukseining	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-2. Riving av tiltak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Riving mv. av bygningar, konstruksjonar og anlegg	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Tillegg for avfallsplan	Per avfallsplan	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-3. Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar

Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Bygningstekniske installasjonar	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Skorstein og røykkanal (piperehabilitering)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-4. Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar i bustad

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g.	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Samanføyning av brukseiningar i bustad mv.	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Oppdeling av brukseiningar i bustad mv.	Per ny brukseining	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-5. Oppføring av innhegning mot veg

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Innhegning mot veg (til dømes støyskjerm, gjerde, vollar, murar m.m.)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-6. Plassering av skilt- og reklameinnretningar

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 i	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Skilt mv. på fasade	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Andre skilt mv.	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-7. Plassering av mellombelse bygningar, konstruksjonar eller anlegg

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Plassering av mellombelse bygningar for varig opphald, konstruksjonar eller anlegg, som skal stå i inntil to år	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Plassering av mellombelse bygningar som ikkje er til varig opphald, som skal stå i inntil to år	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-8. Vesentleg terrenginngrep

Vesentleg terrenginngrep etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Vesentleg terrenginngrep, tiltaksklasse 1	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Vesentleg terrenginngrep, tiltaksklasse 2	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Vesentleg terrenginngrep, tiltaksklasse 3	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-9. Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Anlegg av veg	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Anlegg av parkeringsplass	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Anlegg av landingsplass	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-6. Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. [plan- og bygningsloven § 20-4](#), jf. [byggesaksforskriften §§ 3-1 og 3-2](#)

§ 3-6-1. Oppretting og endring av eigedom

Oppretting av grunneigedom mv., jf. pbl § 20-1 m	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Oppretting av grunneigedom	Første nye grunneigedom	Vnr. Y	kr x
Oppretting av grunneigedom	Per ny grunneigedom utover den første	Vnr. Y	kr x
Arealoverføring	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Oppretting av festegrunn	Første nye festegrunn	Vnr. Y	kr x
Oppretting av festegrunn	Per ny festegrunn utover den første	Vnr. Y	kr x
Oppretting av anleggseigedom	Første nye anleggseigedom	Vnr. Y	kr x
Oppretting av anleggseigedom	Per ny anleggseigedom utover den første	Vnr. Y	kr x
Oppretting av nytt jordsameige	Per jordsameige	Vnr. Y	kr x

§ 3-6-2. Andre tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Mindre tiltak på utbyggt eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Alminnelege driftsbygningar i landbruket under 1.000 m ² , jf. SAK § 3-2	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Mellombelse tiltak mv. jf. pbl § 20-4 c	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Andre mindre tiltak som etter kommunen sitt skjønn tiltakshavar kan stå for jf. pbl 20-4 e	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-7. Igongsetjingsløyve, mellombels bruksløyve og ferdigattest

Grunngebyret blir ikkje medrekna for desse sakstypane.

Igongsetjingsløyve, mellombels bruksløyve og ferdigattest	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Igongsetjingsløyve	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Mellombels bruksløyve	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Utsetting av frist for mellombels bruksløyve	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Ferdigattest kor det har gått meir enn 5 år sidan første løyve i byggesaka vart gjeve	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-8. Dispensasjon

Gebyret kjem i tillegg til eventuelle sakshandsamingsgebyr. Ved samstundes søknad om dispensasjon og andre tiltak etter dette kapittel, krevjast det berre eitt grunngjebyr.

Dispensasjon etter pbl § 19-1	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Søknad om dispensasjon frå kommune- og reguleringsplan	Per dispensasjon	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag	Per dispensasjon	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon frå avstand til veg, og opparbeiding av veg. (regulert avstand til veg og pbl 18-1)	Per dispensasjon	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon frå lov og forskrift	Per dispensasjon	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon for felling av tre	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon for felling av tre, der treet er dokumentert dødt eller utgjer ei openberr fare for omgivnadene	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-9. Andre vurderingar

Andre vurderingar	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Fråvik frå tekniske krav ved tiltak på eksisterande byggverk, jf. pbl § 31-4	Per fråvik	Vnr. Y	kr x
Godkjenning av sjølvbyggeransvar, SAK § 6-8	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krava til praksis mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4	Per føretak	Vnr. Y	kr x
Løyve til tilknytning til eksisterande private vann- og avløpsanlegg	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Tillegg for avfallsplan for tiltak som ikkje gjeld riving, jf. pbl. § 20-1 e	Per avfallsplan	Vnr. Y	kr x
Tillegg for tiltak som er satt i gong før kommunen har gitt naudsynt løyve	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-10. Politisk handsaming

Politisk handsaming	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Tilleggsgebyr for politisk handsaming	Per politisk handsaming	Vnr. Y	kr x

§ 3-11. Søknad om endring av gitt løyve før bygg eller tiltak har fått ferdigattest

Endrings søknad	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Søknadspliktig endring av tiltak	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-12. Gebyr for avslutta sak før vedtak eller ved avvising

Gebyr for avslutta sak før vedtak	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Søknad som trekkast før påbegynt sakshandsaming eller som avvisast som følge av manglande privatrettslege føresetnader	Per søknad	Vnr. Y	Grunngebyr + eventuelt mangelbrev
Søknad som trekkast etter at kommunen har satt i gong sakshandsaming, men før førstegongsvedtak	Per søknad	Vnr. Y	Grunngebyr + 50 % av sakshandsamingsgebyr

§ 3-13. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [plan- og bygningsloven](#) som ikkje fell inn under andre bestemningar i dette kapitlet, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Timepris	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr per time for bygge-, dele- og dispensasjonssaker	Per time	Vnr. Y	kr x

Kapittel 4. Eigarseksjonering

Kapitlet omhandlar gebyr for seksjoneringssaker etter [eierseksjonsloven](#).

§ 4-1. Generelt

Ved søknad om løyve til å seksjonere ein eigedom etter [eierseksjonsloven](#) skal det bereknast gebyr. Gebyr vert kravd inn etterskotsvis, men kan i enkelte tilfelle krevjast inn forskotsvis. Verksemdsleiar tar stilling til dette. Kommunen kan i tillegg krevje dekt nødvendige tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift.

§ 4-2. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [eierseksjonsloven](#) som ikkje fell inn under andre bestemningar i dette kapitlet, fakturerast etter tida som er gått med. Timesatsen dekkjer òg støttefunksjonar og administrasjon av tenesta. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Timepris	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr per time for seksjoneringssaker	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 4-3. Oppretting av eigarseksjonar

Maksimalt gebyr vert sett til tre gonger gebyret for fem til ti seksjonar.

Oppretting av eigarseksjonar	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
For to til fire seksjonar	Per søknad	Vnr. Y	kr x
For fem til ti seksjonar	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Frå ti seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per ny seksjon	Vnr. Y	kr x

§ 4-4. Endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige, reseksjonering

Maksimalt gebyr vert sett til tre gonger gebyret for fem til ti seksjonar.

Endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige, reseksjonering	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
For éin til fire seksjonar	Per søknad	Vnr. Y	kr x
For fem til ti seksjonar	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Frå ti seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per ny seksjon	Vnr. Y	kr x

§ 4-5. Endring av eigarseksjonar kor berre tilleggsareal bygning og/eller grunn samt endring av formål er rørt av søknaden

Endring av tilleggsareal til eigarseksjonar i seksjonert sameige	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Endring av tilleggsareal til eigarseksjonar i seksjonert sameige	Per søknad	Vnr. Y	kr x

Gjelder mellom anna bytte av parkeringsplass og tilleggsareal bygning.

§ 4-6. Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Det skal betalast gebyr ved sletting eller oppheving av seksjonert sameige.

Sletting/oppheving av seksjonert sameige	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Sakshandsamingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom	Per eigedom	Vnr. Y	kr x

§ 4-7. Synfaring

Synfaring av eigedom vert utført når kommunen finn det nødvendig ved behandling av saka. Gebyr kjem i tillegg til behandlingsgebyret.

Synfaring	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for synfaring	Per synfaring	Vnr. Y	kr x

§ 4-8. Avbroten sak

Dersom søker avbryt søknadsprosessen før tinglysing skal det betalast eit gebyr for å dekke kostnadene til kommunen med saksarbeidet.

Avbroten sak	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for avbroten sak	Per søknad	Vnr. Y	1/3 av samla gebyr

Kapittel 5. Oppmålingsforretning

Kapitlet omhandlar gebyr for oppmålingsforretning og sakshandsaming etter [matrikkelova](#).

§ 5-1. Generelt

Alle oppmålingsforretningar etter [matrikkelova](#) skal betale gebyr med mindre anna kjem fram av regulativet. Gebyret skal betalast av rekvirent etter dei reglane og satsar som gjeld den dagen saka vert fremma for kommunen. Kommunen kan i tillegg krevje dekt nødvendige tinglysningsgebyr og eventuell dokumentavgift.

§ 5-2. Tidsfristar om vinteren

Den generelle handsamingsfristen på 16 veker for saker etter matrikkelforskriftens § 18 tredje ledd gjeld ikkje i perioden frå 1. november til 1. mai. I deler av kommunen kor naudsynte tilkomstvegar er vinterstengt etter 1. mai startar ikkje tidsfristen før vegane er opna etter vinterstenging.

§ 5-3. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter matrikkellova som ikkje fell inn under andre bestemmingar i denne forskrifta, fakturerast etter tida som er gått med. Timesatsen dekkjer mellom anna saksarbeid, støttefunksjonar og administrasjon. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Anna fakturerbart arbeid	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr per time for oppmålingsaker	Per time	Vnr. Y	kr x
Registrering av eksisterande jordsameige	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 5-4. Avbrote forretning

Ved avbrote forretning skal revirent betale 1/3 av fullt gebyr. Ved avbroten sak etter at oppmålingsforretning er halde, vert det betalt fullt gebyr.

§ 5-5. Gebyr for oppmålingsforretning

§ 5-5-1. Oppmålingsforretning for ny grunneigedom og fest grunn

Oppmålingsforretning for ny grunneigedom og fest grunn	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Areal til og med 250 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x
Areal frå 251 m ² til og med 2.000 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x
Areal frå 2.001 m ² til og med 5.000 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x
Areal frå 5.001 m ² til og med 10.000 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x

For areal over 10.000 m² betalast eit gebyr på kr x pr. påbyrja dekar. Punkt feste blir som gebyr for areal inntil 250 m².

§ 5-5-2. Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Areal under 500 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x

Areal over 500 m² vert prisa etter tida som er gått med, med ein minstepris tilsvarande gebyret for inntil 500 m². Ved grunn til offentleg veg skal gebyret fastsetjast etter tida som er gått med.

§ 5-5-3. Oppmålingsforretning ved grensejustering mellom grunneigedom, fest grunn eller anleggseigedom

Oppmålingsforretning ved grensejustering mellom grunneigedom, fest grunn eller anleggseigedom	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Oppmålingsforretning ved grensejustering mellom grunneigedom mv.	Per eigedom	Vnr. Y	kr x

§ 5-5-4. Klarlegging av eksisterande grenser som ikkje tidlegare er koordinatbestemt

Klarlegging av eksisterande grenser som ikkje tidlegare er koordinatbestemt	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Til og med to grensepunkt	Per eigedom	Vnr. Y	kr x
Per grensepunkt utover to	Per grensepunkt utover to	Vnr. Y	kr x

§ 5-5-5. Klarlegging av tidlegare koordinatfesta grensar (grensepåvising)

Klarlegging av tidlegare koordinatfesta grensar (grensepåvising)	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Til og med to grensepunkt	Per eigedom	Vnr. Y	kr x
Per grensepunkt utover to	Per grensepunkt utover to	Vnr. Y	kr x

§ 5-5-6. Oppmålingsforretning for ny anleggseigedom

Oppmålingsforretning for ny anleggseigedom	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Oppmålingsforretning for ny anleggseigedom	Per time	Vnr. Y	kr x

Minstepris er tilsvarende gebyret for areal frå 251 til 2.000 m² etter § 5-5-1.

§ 5-5-7. Oppmålingsforretning ved arealoverføring mellom eigedommar

Oppmålingsforretning ved arealoverføring mellom eigedommar	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Areal til og med 250 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x
Areal frå 251 m ² til og med 2.000 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x

Areal over 2.000 m² vert prisa etter tida som er gått med, med ein minstepris tilsvarende gebyret for areal frå 251 m² til og med 2.000 m². Arealoverføring utløyser dokumentavgift og tinglysningsgebyr.

§ 5-5-8. Oppmålingsforretning ved arealoverføring mellom eigedommar som er del av offentleg veg

Oppmålingsforretning ved arealoverføring mellom eigedommar som er del av offentleg veg	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Areal til og med 250 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x
Areal frå 251 m ² til og med 2.000 m ²	Per eigedom	Vnr. Y	kr x

Areal over 2.000 m² vert prisa etter tida som er gått med, med ein minstepris tilsvarende gebyret for areal frå 251 m² til og med 2.000 m². Arealoverføring utløyser dokumentavgift.

§ 5-5-9. Oppmålingsforretning av uteareal på eigarseksjon

Oppmålingsforretning av uteareal på eigarseksjon	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Areal til og med 500 m ²	Per eigarseksjon	Vnr. Y	kr x

Areal over 500 m² vert prisa etter tida som er gått med, med ein minstepris tilsvarende gebyret for areal til og med 500 m². Gebyret ovanfor skal òg betalast ved reseksjonering som endrar uteareal på eigarseksjon.

§ 5-5-10. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for oppretting av matrikkeleining	Per matrikkeleining	Vnr. Y	kr x

Oppmålingsforretninga skal vere fullført innan to år etter at eininga er oppretta. Gebyret kjem i tillegg til § 5-5-1.

§ 5-5-11. Privat grenseavtale

Privat grenseavtale	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Inntil 2 grensepunkt eller 100 m grenselengde	Grensepunkt eller grenselengde	Vnr. Y	kr x
For kvart nytt punkt eller påbyrja 100 m grenselengde	Grensepunkt eller grenselengde	Vnr. Y	kr x

Billegaste alternativ for rekvirent skal veljast. Alternativt kan gebyr fastsetjast etter tida som er gått med.

§ 5-6. Rabattar

Rabatt vert rekna av samla sakshandsamingsgebyr.

Rabattar	Berekeningseining	Artikkel	Gebyr
Ved samtidig oppmåling av 2 til 10 tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirerte av same rekvirent, vert det gjeve følgjande reduksjonar i gebyret per eigedom/seksjon.	Per eigedom/seksjon	Vnr. Y	10 % rabatt
Ved samtidig oppmåling av fleire enn 10 tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirerte av same rekvirent, vert det gjeve følgjande reduksjonar i gebyret per eigedom/seksjon.	Per eigedom/seksjon	Vnr. Y	30% rabatt

§ 5-7. Andre gebyr

Andre gebyr	Berekeningseining	Artikkel	Gebyr
Utferding av matrikkelbrev	Per brev	Vnr. Y	Etter matrikkelforskriften § 16 fjerde ledd

Kapittel 6. Ikraftsetjing

§ 6-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2025. Frå same tid opphevast forskrift (FOR-2023-11-16-2402) om gebyr for private planar, bygge- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering, Ålesund kommune, Møre og Romsdal.